



Tommy Henning Johannessen  
Svartefjorden 90  
5244 FANA

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/975 - 18/8162

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

13.04.2018

## GBNR 37/39 - Orientering om trong for dispensasjonssøknad og komplett byggesøknad

Vi viser til brev dykk angående ovannemnde eigedom, formulert som ein søknad om løyve til bustadbygging på eigedomen. Brevet er journalført motteke 06.04.2018.

Oppføring av bustader i Noreg er tiltak som er søknadspliktige med ansvarsrett. Det inneber at eit kvalifisert firma må søke på vegne av privatpersonar. Den motteke søknaden er ikkje nabovarsla og inneheld ikkje nokon av den dokumentasjon det er krav til etter plan- og bygningslova. Søknaden blir ikkje behandla av kommunen ut over denne tilbakemeldinga.

Gjennom vedtak frå Meland kommune av 05.07.2010 blei det gitt dispensasjon frå dågjeldande kommuneplan sitt forbod mot byggjetiltak i LNF-område – for oppføring av bustad på gbnr 37/39 på Ådland – jf. DNT-sak 282/10. Det går vidare fram av vedtaket at dispensasjonen fell bort dersom den ikkje er nytta innan tre år, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 21-9. Dispensasjonen fall dermed bort 05.07.2013. Kommunen kan ikkje forlenga denne fristen, slik du blei orientert om ved brev frå kommunen 04.07.2014.

Dette inneber at oppføring av bustad på gbnr 37/39 er avhengig av ny dispensasjon frå gjeldande kommuneplan. Eigedomen er framleis avsett som LNF-område. Søknad om dispensasjon må vere nabovarsla og grunngitt opp mot vilkåra for dispensasjon i plan- og bygningslova § 19-2. Ein søknad om dispensasjon kan du skrive og grunngi sjølv, men administrasjonen rår til å nytte fagkyndig bistand. Som eit minimum må ein dispensasjonssøknad innehalde:

- Tydeleg skildring av dei omsøkte tiltaka. Illustrasjonar/teikningar av tiltaka der størrelse og plassering i terreng kjem tydeleg fram (til dømes bustad, garasje, tilkomstveg, bodar mv).
- Situasjonsplan som viser plassering, avstand til nabogrense mv.
- Grunngitt dispensasjonssøknad.
- Dokumentasjon for nabovarsling.

Til dykkar orientering kan administrasjonen opplyse at Utval for drift og utvikling (UDU) i møte den 23.01.2018 gav dispensasjon - etter klage frå tiltakshavar på administrativt avslag - for oppføring av bustad

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

på gbnr 37/53, **arkivsakid 17/812**. Denne egedomen (gbnr 37/53) ligg i same område som dykkar egedom. Gjennom å lese dokumenta i saka via innsynsløysinga på kommunen sine heimesider, vil du finne informasjon om naudsynt dokumentasjon og saksgang.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Tommy Henning Johannessen

Svartefjorden 90 5244

FANA